



ÅLESUND KOMMUNE

## Møteprotokoll Ålesund formannskap

**Møtedato:** 20.10.2020  
**Møtestad:** NMK  
**Møtetid:** 09:00 - 18:00

| Møtedeltakarar          | Parti |
|-------------------------|-------|
| Eva Vinje Aurdal        | AP    |
| Svein-Rune Johannessen  | AP    |
| Håkon Lykkebø Strand    | Frp   |
| Thorbjørn Fylling       | Frp   |
| Dag Olav Tennfjord      | H     |
| Jessica Gärtner         | H     |
| Monica Molvær           | H     |
| Tore Johan Øvstebø      | KrF   |
| Jarle Hauge Steffenssen | MDG   |
| Kirsti Dale             | SP    |
| Vebjørn Krogsæter       | SP    |
| Anders Lindbeck         | SV    |
| Hans Kjetil Knutsen     | Å     |

| Forfall              | Parti | Varamedlem            | Parti |
|----------------------|-------|-----------------------|-------|
| Cine Finstad Austnes | Frp   | Tor-André Gram Franck | Frp   |
| Kari Grindvik        | V     | Geir Ove Leite        | AP    |

I tillegg møtte Lisa Alvestad (Sp) for Eva Vinje Aurdal (AP) i starten av møtet.

**Møteleiar:** Eva Vinje Aurdal  
**Protokollførar:** Dagrun Lorgen Jensen

**Tal voterande:**

15

**Frå administrasjonen møtte:**

- kommunedirektør Astrid Eidsvik
- assisterande kommunedirektør Bente G. Vikhagen
- stabssjefar Lars Fylling, Anne Mette Liavåg
- kommunalsjefar Malin Piegsa, Bjørn ivar Rødal, Ole Sjøvik

- Kjell Standal (under ekstraordinær generalforsamling for Brattvåg tannlegekontor AS)

### **Orientering:**

Det vart halde ekstraordinær generalforsamling for Brattvåg tannlegekontor AS. Det vart skrivne eige protokoll frå dette møtet.

Følgande selskap heldt orienteringar i møtet

- Sørsida Utvikling AS ved styremedlem Peer Volstad
- Ålesund Parkering AS ved dagleg leiar Roar Salen
- Ålesund kommunale eigedomsføretak KF ved dagleg leiar Bjørnar Helland
- Ålesundsregionens havnevesen IKS ved havnedirektør Ole Christian Fiskaa
- Ålesund administrasjonsbygg AS ved dagleg styreleiar Terje Tvedt
- The North West ved dagleg leiar Gjermund Kvernmo Langset

### **Eventuelt:**

Kirsti Dale (Sp) stilte spørsmål til opningstida til biblioteket i Ålesund. Spørsmålet blei svara ut på slutten av møtet. Dette har vore stengt sidan coronatida, og skulle opnast opp igjen i juni. På det tidspunktet blei ein tilsett utsett for blind vald. Ein har derfor brukt tid på sikkerheita til dei tilsette og har hatt reduserte opningstider. Kommunen fekk så på plass ein avtale om vakthald med Securitas frå juni, men då gjekk Securitas ut i streik. Så snart Securitas ikkje lenger streiker kan ein opne opp meir. Dette vil truleg skje snart.

### **Anna:**

Administrasjonen fekk tilbakemeldingar om følgande:

- Det er uheldig med så mange presentasjonar i starten av møtet når så tunge saker skal handsamast.
- Det er uheldig med så mange saker samtidig, til dømes kunne tertialsaka vore handsama i eit tidlegare møte.
- Det vart oppmoda om at ein nyttar kalenderinnkallingane som allereie er sendt ut, til oppdaterte innkallingar.
- Det vart igjen understreke behov for tettere oppfølging av økonomisaker. Administrasjonen vil kome med ei innstilling på tettare oppfølging oftare.

Permisjoner i møtet:

- Monica Molvær (H) fekk permisjon ca. 1 time frå møtet mellom kl. 10 og 11, for å delta i ekstraordinært møte i fagskolestyret. Molvær tiltrådde møtet igjen til sak 173/20
- Eva Vinje Aurdal (A) fekk permisjon i møtet fram til kl. 11, for å delta i pressemøte om KPI rundt Ålesund framdriftslab. Varaordfører Vebjørn Krogsæter (Sp) leia møtet i ordførers fråver.
- Lisa Alvestad (Sp) tiltredde som vara for Eva Vinje Aurdal i starten av møtet. Aurdal tiltrådde igjen til sak 173/20.
- Det vart stilt spørsmål til korleis formannskapet skal handsame delegererte saker: I delegeringsreglementet står følgande: "*Den som delegerer mynde har ansvar for korleis det delegererte myndet vert utøvd. Den som delegerer har derfor tilsyns - og kontrollansvar, og kan gi instruksjonar med omsyn til utøvinga av det delegererte mynde.*"

## Sakliste

| Saksnummer: | Tittel  |
|-------------|---|
| 172/20      | Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll  |
| 173/20      | Referatsaker  |
| 174/20      | Delegerte saker   |
| 175/20      | Tertialrapport 2-2020   |
| 176/20      | Budsjett 2021 og Økonomiplan 2021-2024  |
| 177/20      | Omstillingsprosessen- reduksjon i årsverk generelt og administrative stillingar spesielt.               |
| 178/20      | Stortings- og sametingsvalet 2021. Valdag og orientering om valg gjennomføring                          |
| 179/20      | Endring av selskapsstruktur i Brisk kompetansesenter AS - godkjenning frå Ålesund kommune               |
| 180/20      | Arbeidet med fire overordna strategiar - organisering og framdriftsplan                                 |
| 181/20      | Lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr   |
| 182/20      | Forskrift for hushaldsavfall og slam, Ålesund kommune   |
| 183/20      | Forslag til endring av planretningslinjer for strandsonen - Høringsuttalelse fra Ålesund kommune        |
| 184/20      | Gbnr. 803/8 - Klage over delegert vedtak- deling av hus nr. 2 og hytter.                                |
| 185/20      | Gnr. 43 bnr. 1 - Borgundgavlen - krav frå Opplysningsvesenets Fond om endra årleg festeavgift frå 2019. |
| 186/20      | Søknad om kommunal støtte for 2021 - Landbruk Nordvest SA   |
| 187/20      | Søknad om kommunetilskot for 2021 - Norsk Landbruksrådgjeving Sunnmøre                                  |
| 188/20      | Søknad om godkjenning av landbruksveg for Gnr. 686 bnr. 1   |
| 189/20      | Lokal forskrift for private planar, byggje- og delesakshandsaming, oppmåling og eigarseksjonering       |
| 190/20      | Godtgjørelse til sakkyndig nemnd i tillegg til møtegodtgjørelse.  |
| 191/20      | Forslag til utgreiing av moglege justeringar i delegeringsreglement                                     |
| 192/20      | Forslag møteplan for politiske møter 2021   |

**172/20**

**Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll**

**172/20 Ålesund formannskap 20.10.2020**

**Vedtak:**

Innkalling og sakliste blir godkjent. Møteprotokoll frå siste møte blir godkjent. Møteleiar, Svein Rune Johannesen (A) og Dag Olav Tennfjord (H) blir valt til å godkjenne protokoll frå dette møtet.

**Behandling:**

**Votering:**

Kommunedirektøren si tilråding enstemmig vedtatt. Svein Rune Johannesen (A) og Dag Olav Tennfjord (H) blei valt tli å godkjenne protokollen.

**Kommunedirektøren si tilråding:**

Innkalling og sakliste blir godkjent. Møteprotokoll frå siste møte blir godkjent. Møteleiar, ..... blir valt til å godkjenne protokoll frå dette møtet.

**173/20**

**Referatsaker**

**173/20 Ålesund formannskap 20.10.2020**

**Vedtak:**

Refererte saker vert tatt til orientering.

**Behandling:**

**Votering:**

Ein voterte over kommunedirektøren si tilråding. Denne vart samrøystes vedtatt.

**Innstilling:**

Refererte saker vert tatt til orientering.

**174/20**

**Delegerte saker**

**174/20 Ålesund formannskap 20.10.2020**

Delegerte saker vert tatt til orientering.

**Behandling:****Votering:**

Ein voterte over kommunedirektøren sin tilråding. Sakene vart tatt til vitande.

Delegerte saker vert tatt til orientering.

**175/20****Tertialrapport 2-2020****175/20 Ålesund formannskap 20.10.2020****Formannskapets tilråding:**

1. Tertialrapport 2-2020 for Ålesund kommunale egedomsforetak KF vert tatt til vitande.
2. Tertialrapport 2-2020 for Ingebrikt Davik-huset KF vert tatt til vitande.
3. Tertialrapport 2-2020 for Ålesund brannvesen KF vert tatt til vitande.
4. Tertialrapport 2-2020 for Møre og Romsdal 110-sentral KF vert tatt til vitande.
5. Tertialrapport 2-2020 for Ålesund kommune vert tatt til vitande.
6. Investeringsbudsjettet for Ålesund kommunale egedomsselskap for 2020 vert justert slik det går fram av skjema 2B i saka.
7. Investeringsbudsjettet for Ålesund kommune for 2020 vert justert slik det går fram av skjema 2B i saka.
8. Kommunedirektøren får fullmakt til å nytte ubrukne lånemiddel frå 2019 til utføring av allereie vedtekne investeringsprosjekt, slik det går fram av oversikta i tertialrapporten.

**Behandling:****Votering:**

Ein voterte over tilrådinga til kommunedirektøren. Denne vart samrøystes vedtatt.

**Kommunedirektøren si innstilling:**

1. Tertialrapport 2-2020 for Ålesund kommunale egedomsforetak KF vert tatt til vitande.
2. Tertialrapport 2-2020 for Ingebrikt Davik-huset KF vert tatt til vitande.
3. Tertialrapport 2-2020 for Ålesund brannvesen KF vert tatt til vitande.
4. Tertialrapport 2-2020 for Møre og Romsdal 110-sentral KF vert tatt til vitande.
5. Tertialrapport 2-2020 for Ålesund kommune vert tatt til vitande.
6. Investeringsbudsjettet for Ålesund kommunale egedomsselskap for 2020 vert justert slik det går fram av skjema 2B i saka.
7. Investeringsbudsjettet for Ålesund kommune for 2020 vert justert slik det går fram av skjema 2B i saka.
8. Kommunedirektøren får fullmakt til å nytte ubrukte lånemiddel frå 2019 til utføring av allereie vedtekne investeringsprosjekt, slik det går fram av oversikta i tertialrapporten.

**176/20**

**Budsjett 2021 og Økonomiplan 2021-2024**

**176/20 Ålesund formannskap 20.10.2020**

**Formannskapetets tilråding:**

1. Ålesund kommunestyre vedtek budsjett, økonomi-og handlingsplan for 2021-2024 i samsvar med budsjettskjema 1A, 1B, 2A, 2B og Økonomisk oversikt drift (3)

2. Ålesund kommunestyre vedtek å ta opp lån til investeringar i 2021 på inntil kr 984 368 371. Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenne rente- og avdragsvilkår.
3. Ålesund kommunestyre vedtek å ta opp startlån til vidare utlån på inntil kr 160 000 000. Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenne lånevilkåra.
4. Ålesund kommunestyre vedtek betalingsregulativ slik det går fram av vedlegg i kapittel for budsjettvedtak. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere for kommunal deflator og justere for endringar i statlege maksimalsatsar i samsvar med beskriving i betalingsregulativ i vedlegg. Når det gjeld betalingsattsar knytt til renovasjon (ÅRIM), vert desse lagt fram for kommunestyret i eiga sak.
5. Ålesund kommunestyre vedtek samla overføring til Ålesund kommunale eigedom KF på kr 275 421 000 i form av husleige. Løyvinga er i 2021-kroner.
6. Ålesund kommunestyre vedtek driftstilskot til Ålesund brannvesen KF på kr 76 374 508. Løyvinga er i 2021-kroner.
7. Ålesund kommunestyre vedtek driftstilskot til Møre og Romsdal 110-sentral KF på kr 3 380 650. Løyvinga er i 2021-kroner.
8. Ålesund kommunestyre godkjenner investeringar hos Ålesund kyrkjelege fellesråd i samsvar med det som oversikta i eige kapittel viser.
9. Forslag til handlingsprogram 2021-2024 for Ålesund kommune godkjennast, med dei føringar og premiss for kommunen sin tenesteproduksjon som går fram av saka. Mål og strategiar for satsingsområda vert vedtekne i eiga sak om kommuneplan for perioden 2020-2030.
10. Ålesund kommunestyre vedtek at kommunen sine satsar for økonomisk sosialhjelp skal følge dei til ein kvar tid gjeldande statlege normer for slike satsar.
11. For sosiale utlån og garantiar fastsettast følgjande grenser: Utlån kr 1 000 000. Garantiar kr 1 000 000.
12. Kommunedirektøren får fullmakt til å innarbeide eventuelle konsekvensar av framlagt statsbudsjett og Stortinget sitt endelege vedtekne statsbudsjett, dersom det ikkje er av prinsipiell karakter og ikkje har følgjer for tenestene i vesentleg grad. Eventuelle endringar

som blir gjort innanfor denne fullmakta skal gå som melding til kommunestyret.

13. Eventuelle endringar i skjema 1A og 2A, som følgjer av statsbudsjettet sitt innhald, leggjast fram som eiga sak til kommunestyret.

14. Rådmannen får fullmakt til å gjere budsjettendringar som følgje av endringar i tilskot til ressurskrevjande brukarar, og som følge av endring av pensjonskostnader frå pensjonsleverandørane.

15. Finansielle måltal.

Ålesund kommune skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivareteke over tid. Kommunen skal innrette den langsiktige økonomiplanlegginga slik at ein styrer mot følgjande finansielle måltal i eit 10-årsperspektiv:

- Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.
- Netto lånegjeld skal ikkje overstige 75 % av brutto driftsinntekter.
- Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 5 % av brutto driftsinntekter.

16. Eigedomsskatt.

11. Det skal i 2021 skrivast ut eigedomsskatt på fast eigedom i heile Ålesund kommune, etter utskrivingsalternativ i eigedomsskattelova § 3 a.

12. Ein overgangsperiode for å samordna eigedomsskatten – i praksis skattesatsane - skal gjelde berre for eigedomsskatteåret 2021 (jf. eigedomsskattelova § 13 tredje leden ellefte og tolvte punktum).

13. Eigedomsskattegrunnlaget/takstar i 2021:

1. Dei kommunale takstane/eigedomsskattegrunnlaga samordnas slik at fast, skattepliktig eigedom i områda Haram, Sandøy, Skodje og Ørskog har med verknad frå 2021 blitt verdsett etter det verdifastsettingstidspunktet (år 2015) og etter dei takseringsretningslinjer (med mindre justeringar) som har vore nytta for eigedom i området gamle Ålesund.
2. For kategorien bustadar vert Skatteetaten sitt formuegrunnlag nytta som verdifastsettingsmetode.

14. Målet er at skattesats for all fast eigedom skal vere 2 promille i 2022. Følgande skattesatsar skal nyttast i 2021:

1. All fast eigedom i gamle Ålesund og Skodje skal ha skattesats 2 promille (uendra frå 2020).
2. Hittil skattlagde eigedomar i Sandøy (jf. eigedomsskattelova § 3 g) skal ha skattesats 2 promille (uendra frå 2020). Dei eigedomar som skattleggast for første gong i Sandøy (energianlegg og næringseigedomar) skal også ha ein sats på 2 promille (jf. eigedomsskattelova § 13 tredje ledd tredje punktum).
3. Fast eigedom i områda Haram og Ørskog skal ha ein sats på 2 promille, med unntak av bebygde bustad- og fritidseigedomar som skal ha 1 promille (jf. § 13 første og andre ledd).

15. Det skal skrivas ut skatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med tre sjudelar i 2021. Dette gjeld berre for gamle Ålesund kommune (overgangsregel



til §§ 3 og 4 første ledd første pkt).

16. Eieendomsskatten skal betalast i to terminar i 2021, og vil bli belasta med ein halvpart kvar høvesvis på termin 3 og 4. Kommunale avgifter skal betalast i 4 terminar.

**Fritak:**

I følge eieendomsskattelova § 7. kan kommunestyret fritta mellom anna desse eieedomane heilt eller delvis:

- §7a) Eieendom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten.
- §7b) Bygning som har historisk verdi.

Det vert lagt til grunn at kommunestyret ynskjer å vidareføre fritak etter eieendomsskattelovas §7a og b). Det vert lagt fram eigen sak for kommunestyret om dette.

- §7c) Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære. Fritaket kan gjelda i opptil 20 år frå den tida bygningen var ferdig. Formannskapet eller utval som nemnt i kommunelovens §5-7, kan få fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Det vert lagt til grunn at kommunestyret vidarefører at fritak etter §7c skal gjelde i 2 år frå den tida bygningen vart ferdig, slik det vart praktisert i tidlegare Ålesund kommune. Fritak i 2021 gjeld for nye bustadar som er tatt i bruk i 2019 og 2020.

**Behandling:**

**Tilleggsforslag H - justert Dag Olav Tennfjord**

Nytt punkt 17

De forhøyede kravene i innkjøpsstrategien knyttet til BREEAM-NOR og Zeb-0 utsettes inntil videre, og merkostnadene på 219 mill kr frigjøres til disposisjon i investeringsbudsjettet. Med disse innsparingene, fremskyndes bygging av Osane idrettshall til 2022, som har et samlet budsjett på 127 mill. kr uten de skjerpene kravene i innkjøpsstrategien.

**Alternativt forslag fra Ålesundlista, Frp og Høyre Hans Kjetil Knutsen**

Kommunedirektørens innstilling til budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 legges ut til høring som formannskapets vedtak, med det klare forbehold om mulige vesentlige endringer fram til endelig behandling i kommunestyret.

**Votering:**

Ein stemte mellom alternativt forslag frå Ålesundliste, Frp og H mot kommunedirektør.

Alternativt forslag fallt mot 8 stemmer. Desse stemte for alternativt forslag:

- Å
- H
- Frp

Ein stemte over tilleggsforslag frå Dag Olav Tennfjord (H). Tilleggsforslaget fallt mot 8 stemmer.

- Å
- H
- Frp

**Kommunedirektøren si innstilling:**

1. Ålesund kommunestyre vedtek budsjett, økonomi- og handlingsplan for 2021-2024 i samsvar med budsjettskjema 1A, 1B, 2A, 2B og økonomisk oversikt drift (3)
2. Ålesund kommunestyre vedtek å ta opp lån til investeringar i 2021 på inntil kr 984 368 371. Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenne rente- og avdragsvilkår.
3. Ålesund kommunestyre vedtek å ta opp startlån til vidare utlån på inntil kr 160 000 000. Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenne lånevilkåra.
4. Ålesund kommunestyre vedtek betalingsregulativ slik det går fram av vedlegg i kapittel for budsjettvedtak. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere for kommunal deflator og justere for endringar i statlege maksimalsatsar i samsvar med beskriving i betalingsregulativ i vedlegg. Når det gjeld betalingssatsar knytt til renovasjon (ÅRIM), vert desse lagt fram for kommunestyret i eiga sak.
5. Ålesund kommunestyre vedtek samla overføring til Ålesund kommunale eigedom KF på kr 275 421 000 i form av husleige. Løyvinga er i 2021-kroner.
6. Ålesund kommunestyre vedtek driftstilskot til Ålesund brannvesen KF på kr 76 374 508. Løyvinga er i 2021-kroner.
7. Ålesund kommunestyre vedtek driftstilskot til Møre og Romsdal 110-sentral KF på kr 3 380 650. Løyvinga er i 2021-kroner.
8. Ålesund kommunestyre godkjenner investeringar hos Ålesund kyrkjelege fellesråd i samsvar med det som oversikta i eige kapittel viser.

9. Forslag til handlingsprogram 2021-2024 for Ålesund kommune godkjennast, med dei føringar og premiss for kommunen sin tenesteproduksjon som går fram av saka. Mål og strategiar for satsingsområda vert vedtekne i eiga sak om kommuneplan for perioden 2020-2030.
10. Ålesund kommunestyre vedtek at kommunen sine satsar for økonomisk sosialhjelp skal følge dei til ein kvar tid gjeldande statlege normer for slike satsar.
11. For sosiale utlån og garantiar fastsettast følgjande grenser: Utlån kr 1 000 000. Garantiar kr 1 000 000.
12. Kommunedirektøren får fullmakt til å innarbeide eventuelle konsekvensar av framlagt statsbudsjett og Stortinget sitt endelege vedtekne statsbudsjett, dersom det ikkje er av prinsipiell karakter og ikkje har følgjer for tenestene i vesentleg grad. Eventuelle endringar som blir gjort innanfor denne fullmakta skal gå som melding til kommunestyret.
13. Eventuelle endringar i skjema 1A og 2A, som følgjer av statsbudsjettet sitt innhald, leggjast fram som eiga sak til kommunestyret.
14. Rådmannen får fullmakt til å gjere budsjettendringar som følgje av endringar i tilskot til ressurskrevjande brukarar, og som følge av endring av pensjonskostnader frå pensjonsleverandørane.

#### 15. Finansielle måltal.

Ålesund kommune skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivareteke over tid. Kommunen skal innrette den langsiktige økonomiplanlegginga slik at ein styrer mot følgjande finansielle måltal i eit 10-årsperspektiv:

- Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.
- Netto lånegjeld skal ikkje overstige 75 % av brutto driftsinntekter.
- Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 5 % av brutto driftsinntekter.

#### 16. Eigedomsskatt.

- Det skal i 2021 skrivast ut eigedomsskatt på fast eigedom i heile Ålesund kommune, etter utskrivingsalternativ i eigedomsskattelova § 3 a.
- Ein overgangsperiode for å samordna eigedomsskatten – i praksis skattesatsane - skal gjelde berre for eigedomsskatteåret 2021 (jf. eigedomsskattelova § 13 tredje

leden ellevte og tolvte punktum).

- Eigedomsskattegrunnlaget/takstar i 2021:
  1. Dei kommunale takstane/eigedomsskattegrunnlaga samordnas slik at fast, skattepliktig eigedom i områda Haram, Sandøy, Skodje og Ørskog har med verknad frå 2021 blitt verdsett etter det verdifastsettingstidspunktet (år 2015) og etter dei takseringsretningslinjer (med mindre justeringar) som har vore nytta for eigedom i området gamle Ålesund.
  2. For kategorien bustadar vert Skatteetaten sitt formuegrunnlag nytta som verdifastsettingsmetode.
- Målet er at skattesats for all fast eigedom skal vere 2 promille i 2022. Følgande skattesatsar skal nyttast i 2021:
  3. All fast eigedom i gamle Ålesund og Skodje skal ha skattesats 2 promille (uendra frå 2020).
  4. Hittil skattlagde eigedomar i Sandøy (jf. eigedomsskattelova § 3 g) skal ha skattesats 2 promille (uendra frå 2020). Dei eigedomar som skattleggast for første gong i Sandøy (energianlegg og næringseigedomar) skal også ha ein sats på 2 promille (jf. eigedomsskattelova § 13 tredje ledd tredje punktum).
  5. Fast eigedom i områda Haram og Ørskog skal ha ein sats på 2 promille, med unntak av bebygde bustad- og fritidseigedomar som skal ha 1 promille (jf. § 13 første og andre ledd).
- Det skal skrivas ut skatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med tre sjudelar i 2021. Dette gjeld berre for gamle Ålesund kommune (overgangsregel til §§ 3 og 4 første ledd første pkt).
- Eigedomsskatten skal betalast i to terminar i 2021, og vil bli belasta med ein halvpart kvar høvesvis på termin 3 og 4. Kommunale avgifter skal betalast i 4 terminar.

#### **Fritak:**

I følgje eigedomsskattelova § 7. kan kommunestyret fritta mellom anna desse eigedomane heilt eller delvis:

- *§7a) Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten.*
- *§7b) Bygning som har historisk verdi.*

Det vert lagt til grunn at kommunestyret ynskjer å vidareføre fritak etter eigedomsskattelovas §7a og b). Det vert lagt fram eigen sak for kommunestyret om dette.

- *§7c) Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære. Fritaket kan gjelda i opptil 20 år frå den tida bygningen var ferdig. Formannskapet eller utval som nemnt i kommunelovens §5-7, kan få fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.*

Det vert lagt til grunn at kommunestyret vidarefører at fritak etter §7c skal gjelde i

2 år frå den tida bygningen vart ferdig, slik det vart praktisert i tidlegare Ålesund kommune. Fritak i 2021 gjeld for nye bustadar som er tatt i bruk i 2019 og 2020.

**177/20**

**Omstillingsprosesen- reduksjon i årsverk generelt og administrative stillingar spesielt.**

**177/20 Ålesund formannskap 20.10.2020**

**Formannskapetets tilråding:**

Kommunestyret støttar opp under kommunedirektøren sine konklusjonar slik dei kjem fram i denne saka.

**Prosesen vert gjennomført med følgjande føringar:**

1. Naturlege avgangar som følgje av pensjonering, avslutting av mellombelse stillingar, eller oppseiingar skal ikkje automatisk erstattast, men løyast gjennom omfordeling eller nedprioritering av oppgåver.
2. Nedbemanning gjennom oppseiingar skal gjennomførast i det omfang som er naudsynt etter at ein har kartlagt effekten av naturleg avgang.
3. Tilbod om sluttpakkar kan nyttast der det er hensiktsmessig.
  4. Reduksjon i ikke lovpålagte oppgaver skal vurderes særskilt.
5. Sjølvkostområda må sikrast tilstrekkelig kapasitet og kompetanse for å fullføre planlagde prosjekt og oppretthalde god sørvis.

**Behandling:**

**Nytt punkt 4 (FrP) Håkon Lykkebø Strand**

4. Reduksjon i ikke lovpålagte oppgaver skal vurderes særskilt.

**Tilleggsforslag Tore Johan Øvstebø**

4. Sjølvkostområda må sikrast tilstrekkelig kapasitet og kompetanse for å fullføre planlagde prosjekt og oppretthalde god sørvis.

**Votering:**

Ein stemte først over tilrådinga frå kommunedirektøren. Dette vart samrøystes vedtatt.

Ein stemte så over tilleggsforslaget til Håkon Lykkebø Strand (Frp). Dette vart samrøystes vedtatt

Ein stemte til slutt over tilleggsforslaget til Tore Johan Øvstebø (Krf). Dette vart samrøystes vedtatt.

### **Kommunedirektøren si innstilling:**

Kommunestyret støttar opp under kommunedirektøren sine konklusjonar slik dei kjem fram i denne saka.

#### **Prosessen vert gjennomført med følgjande føringar:**

1. Naturlege avgangar som følgje av pensjonering, avslutting av mellombelse stillingar, eller oppseiingar skal ikkje automatisk erstattast, men løyast gjennom omfordeling eller nedprioritering av oppgåver.
2. Nedbemanning gjennom oppseiingar skal gjennomførast i det omfang som er naudsynt etter at ein har kartlagt effekten av naturleg avgang.
3. Tilbod om sluttpakkar kan nyttast der det er hensiktsmessig.

**178/20**

### **Stortings- og sametingsvalet 2021. Valdag og orientering om valg gjennomføring**

**178/20 Ålesund formannskap 20.10.2020**

#### **Formannskapets tilråding:**

Stortings- og sametingsvalet 2021 vert i Ålesund halde måndag 13. september. Avgjerd om det også skal haldast val søndag 12. september vil kommunestyret eventuelt kome tilbake til når Kommunal- og moderniseringsdepartementet kjem med sine tilrådingar for valg gjennomføringa.

Kommunestyret er innforstått med at avviklinga av stortings- og sametingsvalet 2021 kan medføre auka kostnadar utover det som er lagt inn i budsjettet for 2021. Eventuelle behov for budsjettendringar som følgje av vedtak gjort av valstyret vil bli behandla som eiga sak i løpet av første tertial 2021.

Ålesund formannskap er kommunen sitt valstyre med ordførar som leiar og varaordførar som nestleiar. Valstyret har i delegeringsreglementet mellom anna fått mynde til å oppnemne stemmestyre etter vallova § 4-2, og avgjere kor mange stemmekretsar kommunen skal delast inn i jf. § 9-3.

#### **Behandling:**

#### **Votering:**

Ein røysta over kommunedirektøren si tilråding.  
Tilrådinga vart samrøystes vedtatt.

**Kommunedirektøren si innstilling:**

Stortings- og sametingsvalet 2021 vert i Ålesund halde måndag 13. september. Avgjerd om det også skal haldast val søndag 12. september vil kommunestyret eventuelt kome tilbake til når Kommunal- og moderniseringsdepartementet kjem med sine tilrådingar for valgjennomføringa.

Kommunestyret er innforstått med at avviklinga av stortings- og sametingsvalet 2021 kan medføre auka kostnader utover det som er lagt inn i budsjettet for 2021. Eventuelle behov for budsjettendringar som følgje av vedtak gjort av valstyret vil bli behandla som eiga sak i løpet av første tertial 2021.

Ålesund formannskap er kommunen sitt valstyre med ordførar som leiar og varaordførar som nestleiar. Valstyret har i delegeringsreglementet mellom anna fått mynde til å oppnemne stemmestyre etter vallova § 4-2, og avgjere kor mange stemmekretsar kommunen skal delast inn i jf. § 9-3.

**179/20****Endring av selskapsstruktur i Brisk kompetansesenter AS - godkjenning frå Ålesund kommune****179/20 Ålesund formannskap 20.10.2020****Formannskapets tilråding:**

Ålesund kommunestyre godkjenner at Ålesund kommune sine aksjar i Brisk Kompetansesenter AS, vert brukt som eit tingsinnskot i stiftinga av eit nytt holding-/konsernselskap for Brisk si verksemd.

**Behandling:****Votering:**

Ein voterte over kommunedirektøren si tilråding.  
Tilrådinga vart samrøystes vedtatt.

**Kommunedirektøren si innstilling:**

Ålesund kommunestyre godkjenner at Ålesund kommune sine aksjar i Brisk Kompetansesenter AS, vert brukt som eit tingsinnskot i stiftinga av eit nytt holding-/konsernselskap for Brisk si verksemd.

**180/20****Arbeidet med fire overordna strategiar - organisering og framdriftsplan****180/20 Ålesund formannskap 20.10.2020**

**Vedtak:**

Ålesund formannskap sluttar seg til organisering og framdriftsplan for strategiarbeidet slik det går fram av saksframlegget, og vedtar følgjande ansvarsfordeling for dei fire strategiane:

**Komité for kultur og medborgarskap:** Folkehelsestrategi

**Komité for oppvekst:** Næringsstrategi

**Komité for helse og omsorg:** Tenesteutvikling og innovasjon

**Komité for teknisk, miljø og samferdsel:** Miljøstrategi

**Behandling:****Tilleggsforslag Eva Vinje Aurdal**

Ålesund formannskap sluttar seg til organisering og framdriftsplan for strategiarbeidet slik det går fram av saksframlegget, og vedtar følgjande ansvarsfordeling for dei fire strategiane:

Komité for kultur og medborgarskap: Folkehelsestrategi

Komité for oppvekst: Næringsstrategi

Komité for helse og omsorg: Tenesteutvikling og innovasjon

Komité for teknisk, miljø og samferdsel: Miljøstrategi

**Votering:**

Ein voterte over kommunedirektøren si tilråding med tilleggsvorslag frå Eva Vinje Aurdal (A) Tilrådinga med tilleggsvorslag vart samrøystes vedtatt.

**Kommunedirektøren si innstilling:**

Ålesund formannskap sluttar seg til organisering og framdriftsplan for strategiarbeidet slik det går fram av saksframlegget, og vedtar følgjande ansvarsfordeling for dei fire strategiane:

Komité for kultur og medborgarskap:

Komité for oppvekst:

Komité for helse og omsorg:

Komité for teknisk, miljø og samferdsel:

**181/20**

**Lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr**

**181/20 Ålesund formannskap 20.10.2020**

**Vedtak:**

Ålesund kommunestyre vedtek lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr datert 06.08.2020, som vedlagt, med verknad frå 01.01.2021.



**Behandling:****Forslag FrP Håkon Lykkebø Strand**

Alternativt forslag punkt 9-2:

Årsgebyra for vass- og avløpstenester består av et Forbruksgebyr.

Punkt 9-3 strykes

Punkt 11

Andre avsnitt, Første setning strykes

**Votering:**

Ein voterte over tilrådinga til kommunedirektøren. Denne vart samrøystes vedtatt.

Ein voterte over tilleggsforslaget til Håkon Lykkebø Strand (Frp). Dette falt mot 3 stemmer.

Desse stemte for endringsforslaget:

- Frp

**179/20 Ålesund kommunestyre 15.10.2020****Vedtak:**

Saka utsetjast.

**Behandling:****Votering:**

Saka vart utsatt fordi den skal handsamast i formannskapet.

**Kommunedirektøren si innstilling:**

Ålesund kommunestyre vedtek lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr datert 06.08.2020, som vedlagt, med verknad frå 01.01.2021.

**182/20****Forskrift for hushaldsavfall og slam, Ålesund kommune****182/20 Ålesund formannskap 20.10.2020****Behandling:****Tilleggsforslag Tore Johan Øvstebø**

I samsvar med vedtatt selskapsavtale for ÅRIM bed kommunestyret kommunedirektøren gå i dialog med ÅRIM for å få på plass felles forskrift for hushaldsavfall og slam frå 2022.

### **Tilleggsforslag Tore Johan Øvstebø**

I samsvar med vedtatt selskapsavtale for ÅRIM bed kommunestyret kommunedirektøren gå i dialog med ÅRIM og legge fram forslag til ny felles forskrift for hushaldsavfall og slam frå 2022.

#### **Votering:**

Ein voterte over tilrådinga til kommunedirektøren. Forslaget vart samrøystes vedtatt.

Ein voterte over tilleggsforslag frå Tore Johan Øvstebø (Krf). Forslaget vart vedtatt mot 6 stemmer. Desse stemte mot tilleggsforslaget:

- Frp
- Å
- H: Dag Olav Tennfjord, Jessica Gärtner
- Sp: Kirsti Dale

#### **Kommunedirektøren si innstilling:**

Ålesund kommunestyre vedtek «Forskrift om hushaldsavfall og slam i Ålesundregionen, Ålesund kommune, Møre og Romsdal», som vedlagt i vedlegg 1, med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven) § 26, § 27, § 27a, § 30, § 34, § 83 og § 85.

Den nye forskrifta skal gjelde frå 01.01.2021.

**183/20**

### **Forslag til endring av planretningslinjer for strandsonen - Høringsuttalelse fra Ålesund kommune**

**183/20 Ålesund formannskap 20.10.2020**

#### **Vedtak:**

Planutvalet tilrår at formannskapet gir høringsuttalelse i tråd med saksfremstillingen nedenfor. Endre fra bør til må i punkt 2: "forslag til ny retningslinje oppfattes som bedre strukturert enn den gjeldende, og dermed mer tydelig i differensieringen og dermed enklere å anvende. Det må likevel gjøres veldig tydelig at den generelle delen (kapittel 6 og 7) gjelder for alle soner, og må leses sammen med de sonevise retningslinjene".

#### **Behandling:**

#### **Alternativt forslag fra SV og MDG Anders Lindbeck**

For å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen tilrår Ålesund kommunestyre at Ålesund kommune skal tilhøre soneplassering 2

#### **Votering:**

Ein røysta mellom alternativt forslag frå Krf, MDG, SV og A og tilrådinga til Planutvalet.

Planutvalet si tilråding vart vedtatt mot 6 stemmer. Desse stemte mot Planutvalet si tilråding:

- Krf
- SV
- MDG
- A

## **148/20 Planutval 29.09.2020**

### **Tilråding:**

Planutvalet tilrår at formannskapet gir høringsuttalelse i tråd med saksfremstillingen nedenfor. Endre fra bør til må i punkt 2: "forslag til ny retningslinje oppfattes som bedre strukturert enn den gjeldende, og dermed mer tydelig i differensieringen og dermed enklere å anvende. Det må likevel gjøres veldig tydelig at den generelle delen (kapittel 6 og 7) gjelder for alle soner, og må leses sammen med de sonevise retningslinjene".

### **Behandling:**

#### **Alternativt forslag fremma av Sindre Nakken**

Inntil ny arealdel av kommuneplan og/eller kommunedelplaner for nye Ålesund kommune vedtas, beholdes dagens soneinndeling med gamle Ålesund i sone 2 og gamle Ørskog, Skodje, Haram og Sandøy i sone 3.

#### **Forslag fremma av Bjørn Sandnes**

Planutvalet tilrår at formannskapet gir høringsuttalelse i tråd med saksfremstillingen nedenfor.

Endre fra bør til må i punkt 2: "forslag til ny retningslinje oppfattes som bedre strukturert enn den gjeldende, og dermed mer tydelig i differensieringen og dermed enklere å anvende. Det må likevel gjøres veldig tydelig at den generelle delen (kapittel 6 og 7) gjelder for alle soner, og må leses sammen med de sonevise retningslinjene".

### **Votering:**

Sindre Nakken (A) trekte sitt forslag.

Bjørn Sandnes (H) sitt forslag, som samsvarar med komite for teknisk, miljø og samferdsel si tilråing, samrøystes vedtatt.

## **051/20 Komite for teknisk, miljø og samferdsel 14.09.2020**

### **Vedtak:**

Komiteen tilrår at formannskapet gir høringsuttalelse i tråd med saksfremstillingen nedenfor. Endre fra bør til må i punkt 2: "forslag til ny retningslinje oppfattes som bedre strukturert enn den gjeldende, og dermed mer tydelig i differensieringen og dermed enklere å anvende. Det må likevel gjøres veldig tydelig at den generelle delen (kapittel 6 og 7) gjelder for alle soner, og må leses sammen med

de sonevise retningslinjene".

**Behandling:**

**Presisering, Geir Ove Leite**

*Endre fra bør til må i punkt 2: "forslag til ny retningslinje oppfattes som bedre strukturert enn den gjeldende, og dermed mer tydelig i differensieringen og dermed enklere å anvende. Det må likevel gjøres veldig tydelig at den generelle delen (kapittel 6 og 7) gjelder for alle soner, og må leses sammen med de sonevise retningslinjene".*

**Votering:**

Kommunalsjef Ole Søvik orienterte kort innleiingsvis.

Det vart røysta over endringa frå Geir Ove Leite: Endringa vart samrøystes vedteken.

Det vart røysta over innstillinga til administrasjonen: Innstillinga vart vedteken med 12 mot 7 stemmer. Desse stemte i mot: Randi Walderhaug Frisvoll, Jarle Hauge Steffensen, Kirsti Dale, Anders Lindbeck, Geir Ove Leite, Sindre Nakken og Tove Nygård.

**Kommunedirektørens innstilling:**

*Komiteen tilrår at formannskapet gir høringsuttalelse i tråd med saksfremstillingen nedenfor.*

**184/20**

**Gbnr. 803/8 - Klage over delegert vedtak- deling av hus nr. 2 og hytter.**

**184/20 Ålesund formannskap 20.10.2020**

**Vedtak:**

Ålesund Kommune tar klagen fra Ingvar Sandøy til følge. Klager sier selv at det vil koste for mye i investeringer for at gården skal ha forsvarlig drift, derfor mener Ålesund kommune at påstanden om svekking av driftsgrunnlaget ikke er tilstrekkelig for å nekte klager. Delingsvedtak ble gjort i 1999, men ikke gjennomført, og er derfor ikke vurdert i saken. Ålesund Kommune mener det vil være urimelig at kommunen skal nekte klager, og at det vil være forskjellsbehandling sett i lys av vedtak gjort på nabotomtene.

**Behandling:**

**Alternativt forslag (FrP) Håkon Lykkebø Strand**

Ålesund Kommune tar klagen fra Ingvar Sandøy til følge. Klager sier selv at det vil koste for mye i investeringer for at gården skal ha forsvarlig drift, derfor mener Ålesund kommune at påstanden om svekking av driftsgrunnlaget ikke er tilstrekkelig for å nekte klager. Delingsvedtak ble gjort i 1999, men ikke gjennomført, og er derfor ikke vurdert i saken. Ålesund Kommune mener det vil

være urimelig at kommunen skal nekte klager, og at det vil være forskjellsbehandling sett i lys av vedtak gjort på nabotomtene.

**Votering:**

Ein stemte mellom tilrådinga frå kommunedirektøren og alternativt forslag frå Frp.

Forslaget frå Frp blei vedtatt mot 7 stemmer. Desse stemte imot.

- Krf
- A
- SV
- MDG
- SP: Vebjørn Krogsæter

**Kommunedirektøren si innstilling:**

Ålesund kommune opprettheld vedtaket frå 09.juli. om avslag etter jordlova sin § 12 på frådelling av 2 utleiehytter og bustadhus nr. 2 på gnr. 803 bnr. 8.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjer.

**185/20**

**Gnr. 43 bnr. 1 - Borgundgavlen - krav frå Opplysningsvesenets Fond om endra årleg festeavgift frå 2019.**

**185/20 Ålesund formannskap 20.10.2020**

**Formannskapet si tilråding:**

1. Ålesund kommunestyre aksepterer ny festeavgift på kr. 500.000.-/år for Borgundgavlen, grunneigedomen gnr. 43 bnr. 1 i Ålesund med tilhøyrande festetomter fnr. 5, 8, 11, 15, 16, 17 og 18, slik den er forhandla fram. Den nye avgifta blir å betale frå og med 2019.
2. Kommunestyret gjev kommunedirektøren fullmakt til å forhandle med bortfestar, Opplysningsvesenets Fond, om korleis ubetalt ny festeavgift for 2019, 2020 skal betalast. Fullmakta skal nyttast dersom styrande organ i Opplysningsvesenets fond gjev melding om anna nedbetaling enn det som er tilbydd administrativt.
3. Auka avgift vert for 2019 og 2020 vert å dekke inn over kommunedirektøren sitt budsjett, område 1400, og , om ikkje anna vert krevd av leiinga i OVF, i samsvar med nedbetalingsplan som fondet so langt har akseptert administrativt. Festeavgifta for 2019 og 2020 blir kr. 631.552.-. Festeavgifta for 2021 og 2022 vert å arbeide inn i årlege budsjett med kr. 666.667.-. Festeavgifta blir deretter kr. 500.000.-/år fram til 2039 og vert å innarbeide i dei årlege budsjetta.

4. Ålesund bystyre gjev kommunedirektøren fullmakt på kommunen sine vegne til å signere tillegg til festekontrakt av 1.juli 1979, avg.nr 333.0050, som fastset ny årleg festeavgift frå og med 2019.

#### **Behandling:**

#### **Votering:**

Ein stemte over tilrådinga til kommunedirektøren.  
Tilrådinga vart samrøystes vedtatt.

#### **Kommunedirektøren si innstilling:**

1. Ålesund kommunestyre aksepterer ny festeavgift på kr. 500.000.-/år for Borgundgavlen, grunneigedomen gnr. 43 bnr. 1 i Ålesund med tilhøyrande festetomter fnr. 5, 8, 11, 15, 16, 17 og 18, slik den er forhandla fram. Den nye avgifta blir å betale frå og med 2019.
2. Kommunestyret gjev kommunedirektøren fullmakt til å forhandle med bortfestar, Opplysningsvesenets Fond, om korleis ubetalt ny festeavgift for 2019, 2020 skal betalast. Fullmakta skal nyttast dersom styrande organ i Opplysningsvesenets fond gjev melding om anna nedbetaling enn det som er tilbydd administrativt.
3. Auka avgift vert for 2019 og 2020 vert å dekke inn over kommunedirektøren sitt budsjett, område 1400, og , om ikkje anna vert krevd av leiinga i OVF, i samsvar med nedbetalingsplan som fondet so langt har akseptert administrativt. Festeavgifta for 2019 og 2020 blir kr. 631.552.-. Festeavgifta for 2021 og 2022 vert å arbeide inn i årlege budsjett med kr. 666.667.-. Festeavgifta blir deretter kr. 500.000.-/år fram til 2039 og vert å innarbeide i dei årlege budsjetta.
4. Ålesund bystyre gjev kommunedirektøren fullmakt på kommunen sine vegne til å signere tillegg til festekontrakt av 1.juli 1979, avg.nr 333.0050, som fastset ny årleg festeavgift frå og med 2019.

**186/20**

**Søknad om kommunal støtte for 2021 - Landbruk Nordvest SA**

**186/20 Ålesund formannskap 20.10.2020**

**Vedtak:**

Formannskapet utset saka. Formannskapet ber om at kommunedirektøren kjem med ny sak saman med sak 187.

**Behandling:****Utsetjingsforslag Geir Ove Leite**

Formannskapet utset saka. Formannskapet ber om at kommunedirektøren kjem med ny sak saman med sak 187.

**Votering:**

Ein voterte over utsettingsforslag. Dette vart samrøystes vedtatt.

**Kommunedirektøren si innstilling:**

Saka vert lagt fram utan innstilling.

**187/20****Søknad om kommunetilskot for 2021 - Norsk Landbruksrådgeving Sunnmøre****187/20 Ålesund formannskap 20.10.2020**

Formannskapet utset saka. Formannskapet ber om at kommunedirektøren kjem med ny sak saman med sak 186.

**Behandling:****Utsetjingsforslag Geir Ove Leite**

Formannskapet utset saka. Formannskapet ber om at kommunedirektøren kjem med ny sak saman med sak 186.

**Votering:**

Ein voterte over utsettingsforslag. Utsetjinga vart samrøystes vedtatt.

**Kommunedirektøren si innstilling:**

Ålesund formannskap kan av økonomiske årsaker ikkje gi tilskot til Norsk Landbruksrådgeving Sunnmøre.

**188/20**

## Søknad om godkjenning av landbruksveg for Gnr. 686 bnr. 1

**188/20 Ålesund formannskap 20.10.2020**

**Vedtak:**

Ålesund kommune godkjenner utbygging av Solbakkvegen med ca. 260 meter nyanlegg, og 160 meter ombygging i vegklasse 5 sommarbilveg for tømmerbil uten hengar, slik det går fram av vedlagt kart.

Det gis med dette løyve til å starte bygging etter landbruksdepartementets gjeldande regelverk. Det vises her til "Forskrift om planlegging og godkjenning av veier til Landbruksformål § 1-3". Når det gjelder Naturmangfaldlova vises det til de vurderingar som står i saksutgreiinga. Det blir satt ein byggefrist på 3 år frå i dag for gjennomføring av anlegget.

**Behandling:**

**Votering:**

Ein voterte over tilrådinga frå kommunedirektøren. Denne vart samrøystes vedtatt.

**Kommunedirektøren si innstilling:**

Ålesund kommune godkjenner utbygging av Solbakkvegen med ca. 260 meter nyanlegg, og 160 meter ombygging i vegklasse 5 sommarbilveg for tømmerbil uten hengar, slik det går fram av vedlagt kart.

Det gis med dette løyve til å starte bygging etter landbruksdepartementets gjeldande regelverk. Det vises her til "Forskrift om planlegging og godkjenning av veier til Landbruksformål § 1-3". Når det gjelder Naturmangfaldlova vises det til de vurderingar som står i saksutgreiinga. Det blir satt ein byggefrist på 3 år frå i dag for gjennomføring av anlegget.

**189/20**

## Lokal forskrift for private planar, byggje- og delesakshandsaming, oppmåling og eigarseksjonering

**189/20 Ålesund formannskap 20.10.2020**

**Formannskapet si tilråding:**

Ålesund kommunestyre vedtek lokal forskrift for private planar, byggje- og delesakshandsaming, oppmåling og eigarseksjonering datert 31.08.2020, som vedlagt, med verknad frå 01.01.2021.

**Behandling:**

**Votering:**

Ein voterte over kommunedirektøren si tilråding. Tilrådinga vart samrøystes vedtatt.



**178/20 Ålesund kommunestyre 15.10.2020**

**Vedtak:**

Saka utsetjast.

**Behandling:**

**Votering:**

Saka vart utsatt fordi den skal handsamast i formannskapet.

**Kommunedirektøren si innstilling:**

Ålesund kommunestyre vedtek lokal forskrift for private planar, byggje- og delesakshandsaming, oppmåling og eigarseksjonering datert 31.08.2020, som vedlagt, med verknad frå 01.01.2021.

**190/20**

**Godtgjørelse til sakkyndig nemnd i tillegg til møtegodtgjørelse.**

**190/20 Ålesund formannskap 20.10.2020**

**Kommunedirektøren si innstilling:**

Kommunestyret vedtar at sakkyndig nemnd skal avlønnes med kr. 25,- pr. takst til hver av medlemmene i tillegg til møtegodtgjørelse etter gjeldende satser. Dette skal også gjelde for den klagebehandling som sakkyndig nemnd skal utføre. Samlet kostnader på ca. 315.000,- blir å innarbeide når budsjett for 2021 blir revidert.

**Behandling:**

**Votering:**

Ein voterte over kommunedirektøren si tilråding. Tilrådinga vart samrøystes vedtatt.

**Kommunedirektøren si innstilling:**

Kommunestyret vedtar at sakkyndig nemnd skal avlønnes med kr. 25,- pr. takst til hver av medlemmene i tillegg til møtegodtgjørelse etter gjeldende satser. Dette skal også gjelde for den klagebehandling som sakkyndig nemnd skal utføre. Samlet kostnader på ca. 315.000,- blir å innarbeide når budsjett for 2021 blir revidert.

**191/20**

**Forslag til utgreiing av moglege justeringar i delegeringsreglement**

**191/20 Ålesund formannskap 20.10.2020**

**Formannskapet si innstilling:**

Sak «Delegeringsreglementet - presisering rundt handsaming av politiske saker» (sak 157/20, jf. vedlegg) blir tatt til vitande.

- Notat «Nytt oppdatert notat om innstillingsadgang og delegasjon» frå kommunadvokaten (jf. vedlegg) blir tatt til vitande
- Kommunestyret ber kommunedirektøren kome tilbake med ei politisk sak om
  - presisering av saksgang og eksisterande tilrådingsmynde for dei ulike folkevalde organa i kommunen
  - forslag om moglegheit til å delegere ytterlegare vedtaksmynde til andre folkevalde organ enn kommunestyret sjølv
  - presisering av saksgang og eksisterande tilrådingsmynde for dei ulike folkevalde organa i kommunen
  - forslag om moglegheit til å delegere ytterlegare vedtaksmynde til andre folkevalde organ enn kommunestyret sjølv
- Kommunedirektøren kan på kommunens vegne foreta anmeldelser.

### **Behandling:**

#### **Delegasjon til kommunedirektøren Anders Lindbeck**

Kommunedirektøren kan på kommunens vegne foreta anmeldelser.

### **Votering:**

Ein røysta over kommunedirektøren si tilråding. Denne vart samrøystes vedtatt.

Ein røysta over tilleggsforslag frå Svein Rune Johannessen (A - framsatt i portalen i namnet til Anders Lindbeck). Dette vart samrøystes vedtatt.

### **Kommunedirektøren si innstilling:**

1. - Sak «Delegeringsreglementet - presisering rundt handsaming av politiske saker» (sak 157/20, jf. vedlegg) blir tatt til vitande.
  - Notat «Nytt oppdatert notat om innstillingsadgang og delegasjon» frå kommunadvokaten (jf. vedlegg) blir tatt til vitande
1. Kommunestyret ber kommunedirektøren kome tilbake med ei politisk sak om
  - presisering av saksgang og eksisterande tilrådingsmynde for dei ulike folkevalde organa i kommunen
  - forslag om moglegheit til å delegere ytterlegare vedtaksmynde til andre folkevalde organ enn kommunestyret sjølv
  - presisering av saksgang og eksisterande tilrådingsmynde for dei ulike folkevalde organa i kommunen
  - forslag om moglegheit til å delegere ytterlegare vedtaksmynde til andre folkevalde organ enn kommunestyret sjølv

**192/20 Ålesund formannskap 20.10.2020**

**Vedtak:**

Saka utsetjast. Ein ber om at administrasjonen kjem tilbake med ein justert møteplan etter innspel i møtet.

**Behandling:**

**Utsetjingsforslag Frp, H Hans Kjetil Knutsen**

Saka utsetjast. Ein ber om at administrasjonen kjem tilbake med ein justert møteplan etter innspel i møtet.

**Votering:**

Ein voterte over utsettelsesforslaget til....

**Kommunedirektøren si innstilling:**

Formannskapet vedtar vedlagte utkast til møteplan for 2021.